

UNIVERSITETET I BERGEN Det medisinske fakultet

Rettleiing til sakkunnig vurdering av utdanningsfagleg kompetanse

Forskrift om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskerstillinger: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-02-09-129> regulerer krava til utdanningsfagleg kompetanse for tilsette i vitenskaplege stillingar. For stillingskategoriane førsteamanuensis og professor gjeld følgjande (uavhengig av stillingsprosent):

	Kompetansekrav	Kommentar
Førsteamanuensis	Basiskrav: Gjennomført basisprogram (minimum 200 timar) eller «relevante kurs og eigen praktisk undervisning, og opparbeidd grunnleggjande ferdigheiter i planlegging, gjennomføring, evaluering og utvikling av undervisning og rettleiing (på universitets- og høgskulenivå)».	Dei som ikkje fyller krava ved tilsetjing, vert pålagt å oppfylle krava innan to år etter tilsetjing.
Professor	Som over. Tilleggskrav: I tillegg til krav som gjeld for stilling som førsteamanuensis, skal søkjar dokumentere: 1) Kvalitetsutvikling i eiga undervisning og rettleiing over tid 2) Brei erfaring med rettleiing fortrinnsvis på master/ph.d.- nivå 3) Deltaking i utvikling av utdanningskvalitet i fagfellesskap	Både basiskrav og tilleggskrav <i>skal</i> vere oppfylt for å kvalifisere som professor. Tilleggskrav er nærare omtalt under.

Den sakkunnige komiteen skal sjå til at søkjaren har lagt ved ei pedagogisk mappe som dokumenterer den pedagogiske kompetansen til søkjaren. Komiteen skal gjere ei eksplisitt vurdering av om søkjaren møter dei utdanningsfaglege kompetansekrava; det inneber ein omtale av på kva grunnlag vurderinga er gjort. Dersom søkjaren ikkje tilfredsstiller kompetansekrava skal komiteen greie ut om kva som manglar.

Dokumentasjon for gjennomført basisprogram (sjå basiskravet) skal som hovudregel vere stadfesting av gjennomført universitetspedagogisk utdanning tilsvarande 200 timar eller 8 studiepoeng. Dersom slik stadfesting ikkje er lagt ved som ein del av søknaden, skal den pedagogiske mappa vurderast opp mot dei kompetansekrava som UHR har definert i dei nasjonale retningslinjene for universitets- og høgskolepedagogikk¹.

Universitets- og høgskolepedagogisk basiskompetanse er å kunne:

- planlegge og gjennomføre undervisning og rettleiing, både individuelt og i samarbeid med kollegaer, på ein måte som fremjar studentane si læring og faglege utvikling

¹ <https://www.uhr.no/temasider/karrierepolitikk-2/nasjonale-veiledende-retningslinjer-for-uh-pedagogisk-basiskompetanse/>

- planlegge og gjennomføre FoU-basert undervisning og involvere studentar i FoU-baserte læringsprosessar
- velje, grunngje og vidareutvikle føremålstenlege læringsaktivitetar og undervisnings- og vurderingsmetodar i høve til faglege mål og utdanningsprogram
- medverke til fagleg og pedagogisk nyskaping gjennom val av varierte undervisningsmetodar som inkluderer bruk av digitale verkty
- grunngje eige lærings- og kunnskapssyn og reflektere eiga lærarrolle
- analysere, utarbeide og vidareutvikle emne- og programplanar innafor sine fagområder
- vurdere og dokumentere resultat frå eiga undervisning og rettleiing ut i frå forventingar i fagplanar og nasjonale rameverk for høgare utdanning
- innhente og nytte seg av tilbakemeldingar frå studentar, kollegaer og samfunnet til å utvikle undervisnings- og læringsprosessar
- kjenne til aktuelle styringsdokument knytt til undervisning i høgare utdanning

Tilleggskrav for pedagogisk kompetanse på professornivå

Kvalitetsutvikling i eiga undervisning og rettleiing over tid: Dette punktet skal sikre at undervisaren viser motivasjon og evne til å utvikle eiga undervisning. Slike eigenskapar kan visast gjennom initiativ til å evaluere eiga undervisning, oppsøkje og lytte til tilbakemeldingar frå studentar og/eller kollegaer, initiativ til å revidere eigne undervisningsopplegg, prøve ut nye verkemidlar og til å oppsøkje kunnskap om korleis ein kan vidareutvikle eigen undervisning, til dømes gjennom deltaking på seminar, kurs eller konferansar. Ein kan og vise slik utvikling ved å reflektere over eigen endringsprosess eller «læringsreise» som undervisar og gje ein reflekterande omtale av kva ein har endra på over tid, samt grunngje endringane. Utviklinga bør strekke seg over minimum 5 år (jf. formuleringa «over tid» i forskrifta).

Brei erfaring med rettleiing fortrinnsvis på master-/ph.d.-nivå: Med «brei» erfaring betyr at ein har rettleia minst 3 studentar på master-/ph.d.-nivå (tilsvarande for integrerte helsefagutdanningar), minst ein av desse bør vere som hovudrettleiar på ph.d.-nivå. Dersom søkjaren er innafor eit fagfelt der tilfanget av studentar er lite eller rettleiingsverksemda har ei anna form eller målgruppe, kan søkjaren argumentere for dette i søknaden. Sjå òg *Nasjonale normer for bedømming av professorkompetanse ved dei medisinske fakulteta i Noreg*, og/eller *Felles nasjonale kriterier ved vurdering av søknader innan fagområdet odontologi (spesialområder)*. *For medisin er det eit absolutt krav for professorkompetanse at ein har vore hovudrettleiar heile perioden for ph.d.-kandidat og fram til fullført disputas.*

Deltaking i utvikling av utdanningskvalitet i fagfellesskap: Dette kan vere ulike typar arbeid slik som leiing og/eller utvikling av studieprogram, deltaking i arbeidsgrupper, samarbeidsfora, deltaking i/ha vore leiar av evalueringar og utgreiingar, arbeid med søknader og gjennomføring av større utviklingsprosjekt innafor utdanning, kollegaretleiing eller organisering og gjennomføring av tiltak for å styrke kollegaer sin pedagogiske kompetanse som enkeltpersonar eller gruppe.